

## Innspel til Dokument8:82 S (2020-2021) Representantforslag om ny konsesjon for Røldal-Suldal kraftanlegg.

Røldal Røde kors Hjelpekorps driv førebyggande arbeid innan førstehjelp og ferdsel i fjellet, og dessutan at me er i beredskap for å hjelpe Politi og Helse når dei treng bistand til redningsaksjonar og leiteaksjonar sommar som vinter. Vår hovudaktivitet er vintereneste og korpset har ei stor mengde oppdrag når det gjeld søk og redning under krevjande forhold i eit stort område av Hardangervidda.

Røldal Røde Kors sin aktivitet er påverka av vassdragsreguleringane lokalt ved at det har ei betydeleg betydning for vår innfallsport til Hardangervidda ved aksjonar. For oss er det viktig å komma rask på plass da det kan stå om liv. Valldalen er den naturlege og raskaste innfallsporten til vidda i frå sørvest, her har ein alltid eit usikkerhetsmoment med vinterløypene som følge av reguleringsmagasinet, den kunstige innsjøen Valldalsvatnet. Er isen på magasinet farbar? Me kan tapa dyrbar tid ved å måtte nytta alternative køyreruter. Bratte, teknisk vanskelege alternative ruter, det gjer dei lite effektive og i tillegg til at dei alternative rutene kan vera rasfarlege. Dei mest kritiske redningsaksjonane kan vera når det er uvær og då er ofte alternative ruter fareutsatt og vanskeleg framkommelige. Usikkerheten medfører vanskelege vurderingar for oss som hjelpekorps.

Gjeldende konsesjon for Røldal Suldal Kraft AS hadde ei tidsramme på 60 år med heimfall til staten. Røldal Røde Kors såg fram til overføringen til staten i 2022 og håpet at Stortinget kom til å vurdere tillatelsen til korleis kraftverka i vårt nærsamfunn skulle driftast på ny. Ved at denne konsesjonen skulle opp til ny vurdering såg me føre oss ein mogleg endring og modernisering.

***Me meiner det er nødvendig med ein skikkeleg vurdering av vassdraget og reguleringsgrensene både i Røldal og Valldalen. Me ønskjer derfor at kraftkonsesjonen blir underlagt vilkårsrevisjon før overdraging og ein fullverdig fornøya konsesjonsprosess som stiller strengare krav jmf. retningslinjene for revisjon.***

Med Vennleg helsing  
Røldal Røde Kors Hjelpekorps

Vibeke Lynghammer  
Korpsleiar